



Vegard Tofting
Gangstøvegen 2
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/625 - 17/9494

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
24.03.2017

Arealoverføring frå gbnr 133/96 til gbnr 133/84 - Soltvedt søndre

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar:

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om arealoverføring av areal på 750 m2 frå gbnr 133/96 til gbnr 133/84 jf pbl § 20-1 bokstav m.

Tiltakshavar er registrert heimelshavar av både gbnr 133/96 og gbnr 133/84.

Det vart sendt ut vedtak om arealoverføring til bnr 85 ved ei feil. Dette er ei korrigering av dette løyve. Vi gjer merksem på at korrigering kun gjeld for overskrift og referanse til bnr arealet skal overførast til.

Det vert elles vist til søknad motteken .

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Alversund er definert som bustadområde.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Areal som skal overførast er vist i situasjonsplan datert 13.02.17. Nøyaktig storleik på areal og fastsetting av grenser vert fastlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav m og 20-4 [bokstav] vert det gjeve løyve til arealoverføring av 750 m² på følgjande vilkår:

1. Løyve gjeld for areal som vist i situasjonsplan datert 13.02.2017 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Bortfall av løyve

Om oppmålingsforretning ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller dersom matrikkelføring er i strid med lov om eigedomsregistrering, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Vegard Tofting

Gangstøvegen 2 5911

ALVERSUND